

Lars Moen

Nedskriverens navn	Lars Moen
Adresse	Dombås
Fødselsår	1885
Fødested	Lesjaskog

Er det egne opplevelser som skildres? Ja

Nedskrivaren har vore skreddar, stortingsmann, statsråd, er nå pensjonist.

2. Foreldra

Far var fødd 1858 på Lesjaskog. Han var gardsarbeidar, seinare husmann.

Mor var fødd 1862 i Isfjord. Var kome som tenestjente til lesjaskog. Dei vart gifte først på året 1883, bygsla først Rånålykkja under sygard Råna, seinare moen under Kvam søre, og flytte dit i 1893.

Farfar minnest eg lite. Han var husmann på Lesjaskog. Farmor var fødd 1829 på Lesja. Ho og farfar hadde ikkje vore gifte.

3. Barndomsheimen

Vi var 11 søsken, 8 gutar og 3 jenter. 4 av gutane drog i si tid til Amerika. ein av dei gutane som vart verande i heimlandet, er underskrivne, ein var skreddar, småbrukar, intendant i Heimevernet, og er nå pensjonist, 2 har stillingar ved ysteri, ein er vegvaktar og har heimen, Moen. Jentene er gifte, ein med ein sjåfør, ei med ein anleggsarbeidar, ei med ein gardbrukar på Lesjaskog.

Både Rånålykkja og Moen er sveltihelbruk. Det er frå Moen eg minnst noko vidare.

Kva tid plassen var rydda har eg aldri høyr. Dei slektene som det har gjort, er døydd ut eller vandra ut, det budde ikkje folk der da far bygsla plassen.

Jorda som så vidt kunne seiast å vera dyrka, var under 10 mål, og var oppdelt i fleire lapper. I dalbotnen der plassen ligg, er det serleg frostlendt, så ein kan ikkje rekne med å avle modent korn der. For å bøte noko på dette, hadde far fått med ein åkerlapp i jordet til garden (om lag eit halvmål). Der skulle det kunne modnast korn. Men det var nå slett ikkje frostsikkert der heller. Poteter fekk vi gjerne stte i same åkeren der garden sjølv hadde poteter.

For å få levemåte til dei to kyrne, måtte det skøytast på med ymse slag ”berging”. Det var især måså som ein tok i fjellet om hausten og drog heim på skikjelke om vinteren.

Såmarbeitet var i utmarka, det var felles beite for fleire små og mindre bruk som ikkje hadde seter.

Vedrett hadde vi i skogen som høyrde garden til. Det var visst fastsett kva for teiger vi skulle ta veden i. Det var i alle fall dei som låg nærast, og det kom vel med, da skikjelken var det vissaste transportmedel, med far som hest.

Husa på plassen høyrde garden til, men å halde dei vedlike var husmannen sin sak. Han kunne ta vyrke i skogen til det.

Det var eit uthus med fjøs, tre båser var der, rum for ein kalv og nokre sauer, men da vart det styggeleg trongt. Under fjøset ein liten gjødselkjellar, til avlinga var det ei lyu i andre enden av huset, og eit trev over fjøset. Heile huset var skrøpeleg, men underleg nok har det ikkje ramla ned, men står ennå, ubrukeleg nå.

Ein av yngste gutane fekk kjøpe plassen for om lag 25 år sia. Han har dyrka noko ny jord, men han har nå teke ein vegvaktarjobb så langt unna, at det høver ikkje å bu på plassen, som han difor leiger bort. Ingen bur der nå.

Den stugu som stod på plassen da far flytte dit, hadde eitt rum som var til å bu i. Det var timbra og om lag 14 m.2 stort. Dessutan ei lita "forlemgning" av huset, av enkel bordvegg, med eit kott til mat og klær og ein gang, svært liten. Seinare, etter nokså mange år, fekk far sett attåt ein kleva, ikkje langt frå av same storleik som stugu. Timber til klevan fekk han ta av noko som garden hadde liggande hogge i skogen. Det hadde liggi for lenge og var noko skadd.

I den gamle stugu var det lagt flattak. Det var lågt under flattaket, så det var ingen sak for ein vaksen å nå opp i det. Der oppå vart det eit lite rum, og den tid det var som trongast, måtte sume av ungane finne seg soveplass der inne under takåsane. Seng var det sjølv sagt ikkje plass til.

I stugu var det ein kleberpeis. Der skulle maten kokast og derifrå skulle rummet varmast opp. Før det kom opp kleva, var det både seng og sengebenk i stugu. 2 og 3 av ungane låg i hop, einsleg seng var det nok ikkje tale om korkje for vaksne eller born. I sengane var halm. Eit bord var laga slik at det kunne slåast opp på veggen. Far dreiv og gjorde korgar når han var heime, og det var eit arbeid som kravde plass på golvet.

Dei mest brukte redskap ved matkokinga var gryter, og desse var det ein 2-3 av. Dei var til å henge på skjerdinga i peisen, eller å sette på ein høgføtt ring som ein sette over glohaugen. Det mest naudsynte av kaffekopper, nokon tallerkner og fat til grauten var det, likeså kniver og treskjeier. At mange åt av same grautfater, var ikkje bere hos husmannen at det gjekk for seg.

Blomar i vindaug fanst det nok, kanskje eit skilderi på veggen og. Der hang det og ei lita klokke med lodd i lange kjeder. Klokka kom han far med ein gong han hadde vore "uti fjordom" på arbeid. Det var mest som ei minning om velstand.

Det var mest mjøl- og mjølkemat i kosten vår, og sirup til å dryge ut smøret med, det vart jamnan i minste laget med smør. Kjøtt og flesk kunne det gå lenge millom kvar gong vi fekk. Eigentleg svolt kan ein ikkje seie det var, men sume tider ville vi nok gjerne hatt meir.

Når far – og stundom andre av oss og – var i garden og arbeidde husmannsplikt, hadde vi kosten der. Der var det same slag mat til alle, og det brukte vera god mat.

Det kan hende det vart tomt for mjølk ut på vinteren, da måtte nokon av ungane ut med spanna, og det vart nok helst til garden. For det ein fekk på denne måten skulle det som regel svarast arbeid.

Så vidt eg veit, kom husmannshopen i Moen frå det utan hjelp utanfrå, unnateke eit par tilfelle av sjukdom og ulykke av det slaget at ein måtte til lege. Til legeb var det om lag 6 mil.

Klærne vart gamle og kunne bli skrøpelege, dei måtte bøtast for å kunne brukast lengst mogleg. Det var ikkje annan skilnad på helgeklær og arbeidsklær enn at arbeidskleda var siste stadium dei kunne gjera, da med mange bøter på. Helgekleda skulle helst ikkje vera bømte.

Dei vaksne hadde "lågsko" om sumaren, både kar- og kvinnfolk. Om vinteren skulle kvinnene ha støvler som rakk oppover eit stykkje, karane skulle gjerne ha skaftestøvler. Skikkeleg fotty måtte dei prøve å skaffe seg som hadde utarbeid for det meste. Ungaen fekk greie seg som dei kunne, det var nok ofte så som så med fottyet. Det var ikkje bruken å gå berrføtt, det gjorde vi aldri. Men vi fekk nok bruke "avlagte" ting, både klær og sko.

4. Husmannsplikta.

Avgifta for plassen skulle svarast i arbeid, og det var fastsett kor mange dagar dei ymse tider i året. Den andre tida rådde far over sjølv. Plikta var: I slåttonna 2 veker, ein kar. I skuronna 1 veke. I Håvolen 3 dagar. I måsåtak 3 dagar.

Plikta kunne avgjerast som "skaplag", slåttiondagane ved åta tilsvarande "dagslåtter" i utmarksslått. Det kunne ein vinne inn noko på om ein var rask til å slå, og brukte lange dagar. I skuronna vart dagane gjort om til så mange "treva" som det var vanleg å skjera på ein dag. Den som var rask til å arbeide, kunne vinne noko på det og.

Far lånte sommetider hest og redskap i garden. Det var da meininga at lånet skulle betalast med arbeid. Kor nøye garden heldt rekneskap med slike lån, kan eg ikkje seie.

Det vart aldri tid nok for far til å gjera det arbeid som skulle vore gjort heime på plassen. Ved sida av husmannsplikta var han jamt ute på ymse arbeid for å skaffe inntekter. Det var gjerne underskott etter vinteren som skulle arbeides opp att om sumaren når det var betre med arbeid, og litt likare betaling.

Mor hadde ikkje arbeidsplikt i garden, men ho var der i arbeid iblant. Ho var farleg rask til å skjera, så i skuronna tok ho sin tørn. Elles var ho ofte borte i andre gardar på arbeid. Det var slikt arbeid som dei helst leigde ekstra hjelp til: Klesvask, husvask, flatbrødbaking og arbeidet i samband med haustslaktinga. Klesvasken var hardt arbeid vinterstida, dei måtte gjerne på elva for å skylle. Da stivtela dei våte kleda dei hadde på seg.

Fekk eit kvinnfolk 50 øre for ein slik arbeidsdag, vart det rekna for bra betaling. Kosten hadde dei alltid der dei arbeidde. Dagen tok til ved 6-7-tida og vara ei god stund utover kvelden.

Når både far og mor var borte på arbeid, måtte dei større ungane ha ansvaret for dei mindre, lage maten, som var det enklast moglege: Tørrmat. søll, vassgraut med mjølk til. Dessutan hugse på at dyra i fjøset fekk sitt.

Husmannen og husbonden hadde eit årleg oppgjør, gjerne om hausten.

5. Husmannskontrakta.

Husmannskontrakt såg eg aldri, eg trur ikkje det fanst skriven kontrakt mellom far og gardeigaren. Alt bygde på muntleg avtale, men eg høyrde aldri det var tvil om korleis vilkåra skulle vera, eller krangel i samband dermed. dei siste åra far hadde plassen, var han lite arbeidsfør, da var det ikkje kravd pliktsarbeid av han. Da far såleis ville slutte, vart det til at ein av dei yngste gutane kjøpte plassen, og det vart ikkje meir spørsmål om oppseiing eler godtgjerdsle til den eine eller andre. Eigaren var ikkje huga på å selje, men han var fullt merksam på husmannen sin rett etter jordlova av 1928, som kunne bli nytta. Prisen, så vidt eg hugsar kr. 2400, var visst ikkje urimeleg.

6. Husmann og husbonde.

Når det var bryllup eller gravferd i grenda, vart alle bedne som høyrde til vedkomande bearkrins, utan skilnad.

Slåttegraut, når slåttonna var fråseggjort, var fast skikk. Da vart alle bedne som hadde vore med i onnearbeidet. også om dei hadde vore med berre ein del av onna. Husmannsungane var med. Skurdgraut var ikkje vanleg. Alt gardsfolket og husmannfolket kunne nok vera bedne saman i jula, men det var ikkje fast skikk.

Det var tydeleg økonomisk skilnad mellom og gardbrukaren, standarden når det galdt mat, klær og hus var lågare hos husmannen.

Den sosiale skilnaden, som har sterk samanheng med den økonomiske, var og tilstades. Rett nok kunne husmannen eller ungane hans vera sers dugande i arbeid, til dømes gode handverkarar, det stod vyrndad av. Men det var ikkje heilt som det skulle vera, om ei husmannsjente vart gift med ein gardgut, eller ein husmannsgut med ei gardjente. Slikt hende, men det var nok eigentleg brott på den gode, gamle gjerda.

Det var var nok vanleg at husmannen sjølv kunne greie utgiftane med ei gravferd, når slikt kom på, men da gjerne med noko hjelp frå garden: Hest til skyss, lån av dekkety og kopper, kanskje og folkehjelp. Om enke etter husmann fortsatt fekk sitte på plassen, hugsar eg ikkje noko døme på, men gardeigaren brukte ikkje å vera urimeleg mot husmannen.

7. Skolegang og fritid.

Det var ikkje bygd serkilt skolehus da eg tok til på skole, og vsrt det ikkje i mi skoletid, men snart etter. Skolerum vart det leigd på gardar der det var bra med hus. Eg har gått på skule på 5 gardar (Slettabrekka, systugu Einbu, Øygarden, Ni-Embu, Likkjejem). Dei 2 siste stadane var framhaldsskole, der eg gjekk nokre få viku. Det var minimum av skoletid vi hadde.

Til konfirmasjonsførebuing møtte vi i Kyrkjestugun tredjekvar laurdag, når presten skulle ha gudstenest i kyrkja sundagen etterpå. Men prestlesinga rakk over 2 somre.

Ungane i Moen måtte gå med kyrne kvar morgon om sumaren til beitet i lia på andre sida av elva. Brua over elva (Rauma) var skrøpeleg og elva stor og strid, men eg husker ikkje det hende ulykker der. Arbeidet som vi ungane vart sett til, var ellers slikt som kan falle på eit lite småbruk.

Av leik var å slå ball mykje brukt, å gå med fisketrøa etter elva var både til nytte og moro. Når isen la seg på tjønn og elv om hausten, gjekk vi på skøyter., om vinteren var ski og kjelke det vissaste. Men det var ofte kleint med utstyret.

8. Det første arbeidet.

Ein sumar tok far i hop sau frå gardane i grenda, eg tenkjer det var vel så 100 sau, som bror min og eg skulle gjete. Eg var da 9 år og bror min 2 ½ år eldre. Vi var dei to eldste. Vi for mest på heimtraktene, men stundom og opp i fjellet. Sauen hadde vi i kve om natta. Tiltaket kunne ikkje vera serleg vellykt, for det var berre den eine sumaren vi dreiv med det.

Året før eg vart konfirmert, tente eg på eit litt større småbruk. Eg var med og stelte i fjøset, mjølka, bar vatten, hogg ved, gjekk med kyra på beitet om sumaren og ymsa anna. For det fekk eg nye klær til konfirmasjonen, ein svart vadmelsdress.

Det var på det reine at meir skolegang etter konfirmasjonen kunne det ikkje bli, enda eg hadde hog i den leia; men eg kan ikkje hugse at eg la det så hardt på meg heller. Så tok eg til i skredderlære om hausten, da skulle eg bli 14 år eit stykkje ut på vinteren. Læretida mi skulle vera 3 år. Håndverkarane for rundt på gardane den gongen. Eg skulle ikkje ha betaling, men maten hadde vi der vi for, og losji. For å sy ein vanleg vaksen dress, tok mesteren tre og ei halv krone. Arbeidsdagen vår tok til ved 7-tida og vara ofte til ved 10-tida om kvelden. Ei stund om sumaren heldt mester opp med skredderiet, han hadde eit lite bruk å stelle med, gjea onner og slikt. Da tok eg på meg onnearbeid, eg hugsar eg fekk ei krone dagen i slåttan og kost og losji.

Skreddarmesteren var mykje religiøs, og der vi for, var det jamt ”samling” langt ut over kveldane. Det var ei plage for meg.

Eit par av dei andre brørne tok og til i håndverkslære (skomaker), men 4 av gutane reiste etter kvart til Amerika, der dei har drivi med kroppsarbeid av ymse slag. To av dei yngste gutane kom inn på jordbruksskole og har stillingar i ysteribransjen. Om søskena viser eg til det eg har fortald på første sida.

9. Ungdomsliv.

Vaksen ungdom samlast jamt sundagane om sumaren til leik, mest å slå ball. det var ein leik der det galdt å vera sikker til å slå, og å vera snøgg i vendinga. Dans kunne det vera på låven og inne med sume stader, men det var ikkje mange gardar som ville overlate husa sine til dans, det var synd å danse. Eg har likt å lesa, og folkeboksamlinga hadde nokon bøker å låne ut.

10. Arbeidet.

Eg hadde teke til i læra før eg var 14 år, og var ikkje mykje med på vanleg gardsarbeid; mest i slåttonna. Da tok arbeidsdagen til ved 6-7-tida og vara til kl. 20. Før vi gjekk ut, var det kaffe og biteti, morgovael kl. 8, tørrmat og suppe og kaffe, dugurd kl. 12, helst vassgraut med sur mjølk til og kaffe etter vi hadde kvilt, kl. 16 non, helst kjøttmat, og kaffe da og, kveldsmat kl. 20, som oftast vassgraut og mjølk. Ved kvart mål gjekk det med i kring ein time, så den effektive arbeidsdagen var ikkje ofte over 10 timer.

Leigekarane sov på same rummet om det var fleire; kvinnfolka likeeins på eit anna. Alle gjekk saman i arbeidet, også sjølvfolket, og alle åt ved same bord og av same mat.

Snart etter at eg var ferdig med læra, reiste eg til Lillehammer og fekk arbeid der.

11. Spesielle interesser.

Snart etter at eg var konfirmert, vart eg med i eit frilyndt ungdomslag som da nyleg vart skipa på Lesjaskog. Det var møter med leik, dans, ordsifte og amatørkomedie. Politikk var halde utafor, men nokon folk med radikale synsmåter på ymse områder merkte seg ut. Den nye læraren var ein av dei, han var nok venstremann. Det var ikkje god folkeskikk å la nokon merke at ein hadde politiske meiningar.

I Lillehammer hadde skreddersveinane forening, og der var eg med. Foreninga tinga med mesrrane om betre betaling for arbeidet, og vart samde etter at sveinane hadde streika ein dag. Det var truleg i 1907. Om lag ved same tida vart det skipa aoaialdemokratisk forening, den var eg og med i. Heime hadde eg vore med i D.N.T.-laget, i Lillehammer vart eg med i I.O.G.T. Losje Fremgang var ikkje så lite av eit sosialistreir. Hos meg har interessa for samfunnspørsmål vore dominerande.

12. Privatlivet.

I 1911 flytte eg attende til Lesjaskog og tok til ”for meg sjølv” i eit leigd hus. Kona, skulle bli, var med på den turen, vi var innom kontoret hos lesjapresten og vart gifte der. Ho var frå Åmot i Østerdalen, hadde tidlegare vore ekspeditør hos ein manufakturkjøpmann i Elverum. Far hennes var underoffiser. Eg har likt å gå i fjellet, og å fiske.

13. Litt av kvart.

Spennande, men ikkje morosamt var det å bli liggande på golvet i fiskebua i fjellet. Eit slagtilfelle hadde gjort meg lam i halve kroppen, så eg kom ingen stad. Etter 3 døgn kom det folk.

Nedskrivar: Lars Moen, adr. Dombås.

Tillegg til Husmannsminner frå Lesjaskog, sendt for ei veke sidan.

Svar på spørsmål dagsett 15/5-1959.

Ordninga med åker i garden til korn og poteter var ikkje vanleg, men heller ikkje reint sjeldsynt. Lesjaskogen var – og er vel ennå – mykje plaga av nattefrost, serleg i dalbotten. Den som avla godt korn og bra poteter, berga seg på eit vis gjennom ein hard vinter. Sengklærne var noka tå kvart: Skinnfell, teppe (vatteppe), ullteppe. Ei hugupute, gjerne fylt med småklapte lapper av utslitt bomullsstoff. Ikkje laken.

Det vanlege på gardane var å spinne og veva ulltyet til klær for karar og kvinnfolk. Det som var til karklær skulle stampast og pressast, og det var det godt som slutt med å få gkort heime i bygda. Eg minnest ei einaste stampe som så vidt var i bruk. Dei sende nå veven for det meste til Ols Skar, farveri og veveri, Lillehammer. Der vart han farga om det trengtest, og ”overskore” som var toppen av foredling. Etter kvart minka det med heimehusfliden på gardane, og det vart til at Ole Skar tok i mot ulla, og gardane fekk att ferdig ty. Heime var nok og vevgreiet oppe stundom, men det var ikkje sauer og ull nok til klår åt den hopen. Det var vove bomullsty, lerret og slikt. Til det kjøpte ein garnet. Det heimvove tyet var halde for å vera sterkare enn kjøpetyet.

Det var berre ein sumar vi gjette heile sumaren, men vi var borte i gardane og gjette sauene om våren, frå straks det vart berr mark til det leid så langt at han kunne sleppast i fjellet. Der gjekk han utan gjeting til om hausten når han anten kom heimatt eller vart sankt heim.

Far tok på seg arbeid av mange slag der arbeid var å få, og det var i blant litt likare med det ut med kysten. Han var med på å rodde fiskeog, var på vegarbeid i Romsdal og på tranbrenning på Haram. Det var ein ”næringsdrivande” som hadde trankokeri fleire stader på kysten. Jervel heitte han.

Handelen (varebyttet) med Vestlandet gjekk serleg for seg på Romsdalsmarknaden, på Veblungsnes, første tysdag i oktober. På marknadsplassen frå Lesjaskogen var bork og never av det vissaste. Borken var flekt av bjørka, tørka og truska små og hatt i sekker. Garvarane trengte slikt. Nevra var til takteking. Noko smør og ost var det og på lasset. Det som lesjaskogingane kom heimatt med, var salta sild, først og fremst, søteple (som kunne vera sure nok), salt og ymse slag kremarvare. Hesthandel og hestbyting var det. Jentene var ofte med på marknaden. Der var dans og moro, og ikkje så reint lite av ein ekteskapsmarknad kunne det og vera. At det kunne vera mykje fyll og slagsmål, skremte visst ingen.

Frå Veblungsnes var det og at dei to kremarane på Lesjaskog fekk varene sine, serleg før det vart jernbane. Ein tur Lesjaskog etter lass greide ein på 3 dagar. Det er om lag 6 mil på kvar kant. Ein låg da borte 2 netter og kom heimatt tredje kvelden, om ikkje føret var for tungt.

Det var faste plaser ferdesmenn brukte å overnatte og kvile på. Der kunne bli bra fullt når det slumpa til å vera mange i følget, og ein laut nok finne seg til rette på flatseng. Men så dreiv dei heller ikkje ”opptrekkeri”, det var 10 øre for losjiet og 7 øre for ein kopp kaffe.

Tilslutt dette frå heime: Far og mor var tidleg oppe, gjerne ved 5-6-tida. Skulle ein av dei eller bae bort på arbeid, måtte eitkvart gjerast unna. Når så alle kom fram utur bosoa si og skulle få på seg klær, få mat og koma iveg til skolen den tid det var skole, eller på gjeting eller anna arbeid som unger vart sett til, ja, da måtte det bli bra uroleg i den tronge stugu. Men eg minnest ikkje mykje av bråk. Tilværet var merkt av arbeid, først og sist. Også ungane måtte hjelpe til, for det og at dei skulle lære å arbeide.

Eg har fortald ein annan stad at far gjorde korger når han var heime. Det var mest korger til å bera på rygg, med høy, halm, lauv eller anna dyrefor. Unge kvistreine vidjetre som vi fann, vart sette opp i peispipa når det brann der, så dei vart varme, da var dei lette å klyve til

korgmaterialer. Men sveigane måtte pyntast, og det var dei litt større gutane med på. Redskapen vi brukte var ein god tollekniv, og han måtte vera godt slipt. det vart fullt av flis i stugu, golvet vart snart useynleg. Korgmakeriet var utruleg arbeidssamt. Med hjelp av gutungane til spikkinga kunne det bli ei korg om dagen, og det vart 80 øre i førstninga, eg minnest, seinare kom prisen op i ei krone. Det var serleg om vinteren vi dreiv med dette. At jamnaldringane frå gardane hade btre ski og utstyr, penare og betre klær, og at dei hadde alle bøkene ein skulle ha på skolen, men som jamt vanta hos oss, var nok ofte vondt og harmeleg, men sette ikkje avgjerande skille mellom ungane i leik pg på skolen. Far og mor var nok jamt plaga av ”næringssorg”, og det kunne nok tyngje på humøret. Det forstod vel vi ungane ikkje fullt ut. Men vi var klare over og budde på at vi måtte ut av reiret og greie oss sjølv så snart det var råd. Heime var det likevel ikkje nokon verande stad for framtida. Barndomstida var ikkje berre ein rad av triste år. Mang ein hyggeleg stund sitt og godt fast i minnet. Grannar kom ofte innom i vinterkveldane, og praten gjekk medan husfliden også gjekk sin gang, både på kar- og kvinnesida. Med ein kaffekopp attåt om slikt fanst. Den gamle fjellmannen som var så god til å fortelje spennande og nifse historier, han høyrde gutungane på med store, runde augo. Det var prøvd å gjera helgedagane til helg- og kviledagar. Sundagsarbeid var så stor synd at ingen våga seg til slikt, ikkje eingong for å redde det tørre høyet unna regnskura.